



Til
Bystyrets kontor (Arbeidssted)

Fra
Byrådet

Intern korrespondanse

Vår referanse: 2020/51737-10
Saksbehandler: Marit Winther Sørstrøm
Dato: 19. november 2020

Svar på representantforslag fra Hege Solbakken (Sp) om å innføre totalforbud for vannskuter på Nordåsvannet

Forretningsutvalet har i møtet 11.08.2020 sak 174/20 fatta følgjande vedtak:

1. Representantforslag fra Hege Solbakken (Sp) om å innføre totalforbud for vannskuter på Nordåsvannet oversendes byrådet for videre utredning.
2. Byrådet bes om å vurdere forslaget og oversende byrådets vurdering i notats form til Bystyrets kontor slik at bystyret kan behandle saken senest i bystyremøtet 16. desember 2020.

Representanten Hege Solbakken (Sp) har fremma følgjande representantforslag:

Politiet i Bergen har tidlegare i BA peikt på tre verstingområde der fartsgrensa til vanns vert brote hyppig i Bergen. Dette er Dolviken, Nordåsvannet og Vågen.

Nordåsvannet har fartsreglar på 9 knop i heile vatnet, og 5 knop fra Bønesholmen og ut til Straume bru. Vidare viser merkinga 8 knop. Det er mange grunnar til at denne fartsgrensa er sett. Vatnet vert i dag brukt av mange til bading, roing og padling, og til ulike former for sjøsport med alle typar båter. Det er og store bustadområde kring vatnet som vert påverka av aktiviteten på vatnet. Det er også eit sårbart fugleliv som står på spel i området.

Det er stor uro knytt til vannscooterterkøyring på Nordåsvatnet med høg fart opp mot 5 gonger fartsgrensa. Mange førarar har ingen sjømannskap og køyrer for tett på land eller andre farkostar. Det er uvettig køyring heilt inne i Fjøsangerbukten der mange badar sommarstid. Ikkje alle bryt fartsgrensa. Men vannscooter har eit bruksområde og fart som gjer at dei ikkje er eigna for bruk i lukka basseng som Nordåsvatnet. Ulempene nokre få skapar for tusenvis av andre i dette tett befolka området, kan ikkje forsvarast. Skuterbruken er også uheldig for fuglelivet. Det er difor eit ynskje om å innføre totalforbud mot vannscooterterkøyring i Nordåsvannet.

Regjeringen.no slår faste:

«I tillegg har flere kommuner innført lokale forskrifter som regulerer bruk av vannscooter i eget sjøområde. Flere kommuner har også fastsatt lokale fartsgrenser i eget sjøområde. Slike fartsgrenser gjelder for alle typer fartøy, også for vannscooter. Enkelte nasjonalparker, landskapsvernområder og lignende har dessuten også lokale regler om bruk av vannscootere. Ny havne- og farvannsløv trådte i kraft 1. januar 2020. Etter den nye loven kan det gis egne regler om ferdsel med fritidsfartøy, eller det kan gis egne regler spesifikt for

ferdsel med vannscooter. Kommunene kan gi slike regler i eget sjøområde, mens departementet kan gi slike regler i hele farvannet.»

Øvre Eiker kommune vedtok 13. mai 2020 ei ny forskrift som forbyr all bruk av vannskuter i heile kommunen med umiddelbar verknad. Drammen har innført det same for eit område.

På bakgrunn av manglande respekt for fartsgrenser og utfordringane uvettig scooterbruk på Nordåsvatnet skaper, bør Bergen kommune innføre totalforbod mot vannscooter på Nordåsvatnet.

Forslag til vedtak:

Bergen kommune innfører totalforbod for vannscooter i Nordåsvannet

Byrådet si vurdering

Byrådet stiller seg bak representantens forslag om å innføre totalforbod i Nordåsvannet. I første omgang må det utarbeidast eit forslag til forskrift.

Gjeldande regulering

Byrådet viser til gjeldande lokal forskrift om sakte fart i Nordåsvannet i Fana, vedteken 8. august 1958 og lokal forskrift om unntak frå forbod mot bruk av vasskutar og liknande fartøy Bergen kommune, vedteken 18. mars 2002. Førstnemnde forskrift fastset fartsgrenser i Nordåsen, medan sistnemnde er geografisk avgrensa til å regulere bruk og ferdslar i vasskutar i øvings- og stemneområder i Store Lungegårdsvann og Hjellestadvika. Regelverket er fragmentarisk og tilårskomne og difor modent for revisjon.

I tillegg kommer det faktum at forskrift om vasskutar ble oppheva den 19. mai 2017, noko som førte til at vasskutar i utgangspunktet blei stilt likt med andre fritidsfartøy i den nasjonale lovgivinga.

Aktuelt regelsett

I medhald av hamne- og farvassloven (hfl.) § 8 kan kommunane likevel fastsette særskilte føresegnar om bruken av fritidsfartøy, til dømes for bruk av vasskutar gjennom lokale forskrifter. Kommunen kan med heimel i hfl. § 8 gi egne forskrifter ut ifrå lokale behov og konkrete vurderingar.

Det går fram av forarbeida til ny hamne- og farvasslov at ei regulering av fritidsfartøy etter hamne- og farvasslova sin § 8 kan brukast som eit verkemiddel for å vege ulike interesser i farvatnet, som til dømes friluftsiinteresser og næringsinteresser. Førrearbeida viser i denne samanheng til hovudføremålet i lova som er å legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av farvatnet. Relevante omsyn vil være trygg ferdslar, forsvarleg forvaltning av farvatnet, ivaretaking av miljø, dyre- og fugleliv, samt legge til rette for eit attraktivt friluftsliv.

Vidare prosess

Byrådet vil starte arbeidet med å lage en ny lokal forskrift for å regulere bruken av vasskutar i Bergen kommune, og vel å bruke Nordåsvannet som en pilot for ei slik regulering. I første omgang må det utarbeidast eit forslag til forskrift.

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) har nyleg gjort greie for moglegheit og prosess for å innføre lokale grenser for fart og ferdslar, og sagt seg villig til å bidra med å utarbeide og innføre slik forskrift med heimel i hamne- og farvasslova sin § 8.

Sentrale problemstillingar i arbeidet med ny forskrift vil være:

- setje grenser for fart og ferdslar, mellom anna forbod mot ferdslar i visse områder
- avveging av omsyna til trygg ferdslar, sikkerheit, friluftsliv og rekreasjon, medrekna idrettsarena
- ivaretaking av miljø, omsynet til rekreasjon, støyplager, opplevd trygghet for myke trafikantar og andre fartøy, samt sårbart dyre- og fugleliv

Byrådet ønsker ei heilskapleg og brei vurdering av dei ulike omsyna som gjer seg gjeldande.

Bergen kommune sitt mynde etter hamne- og farvasslova er delegert til BF IKS, jf. hfl. § 4. Byrådet vil difor be Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, som er faginstans på dette området, utarbeide eit forslag til ny forskrift. Det under føresetnad av at andre relevante fagetatar i kommunen spelar inn relevante omsyn som de skal ivareta på sine respektive fagområde i det innleiande arbeidet.

Når forslag til ny forskrift for regulering av bruken av vasskutar i kommunen - med Nordåsvannet som pilot - ligg føre, vil byrådet fatte vedtak om å sende det på høyring til relevante høyringsinstansar og kunngjere det i tråd med reglane i forvaltningslova.

Samla vurdering

Byrådet skal følge opp representanten sitt forslag slik det går fram av svaret.

Med hilsen

Roger Valhammer - byrådsleder
Eline Aresdatter Haakestad – byråd for klima, miljø og byutvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi: Marte Holm